



Kåre Skjelanger
Skjelangervegen 983
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2591 - 17/25034

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

19.12.2017

Varsel om arbeidsfrist

Arbeidsfristen er gått ut for ditt SMIL prosjekt, med saknr. 315/2014.

Regelverket for SMIL ordninga opnar for ein maksimal arbeidsfrist på 5 år. Til no har det berre gått tre år, og du har såleis høve til å søkje om utsett frist med inntil 2 år.

Dersom du ynskjer slik utsett frist for å kunne gjennomføre prosjektet det her gjeld, ber me om at du sender ein kort søknad om dette. Med søknaden bør det og følgje grunngjeving for kvifor det er naudsynt med utsett frist.

Dersom tiltaket det gjeld er ferdig, må du sende melding til landbrukskontoret om det. Med meldinga må følgje dokumentasjon på utgifter til materiell, og timeslister som syner kva tid du har brukt på arbeidet. Om kommunen finn dokumentasjonen i orden, og synfaring syner at kvaliteten på arbeidet er ok, kan pengane betalast ut.

Dersom landbrukskontoret ikkje får søknad om utsett frist, eller melding om at tiltaket er ferdig, innan **26.01.2018**, vil pengane som er sett av til tiltaket verte trekt attende. Jf. vilkår som er sett i løyingsbrevet om dette.

Dersom de har spørsmål er det bare å ta kontakt med kommunen.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:
Kåre Skjelanger

Skjelangervegen 5917
983

ROSSLAND